
Fra: Jo-Harald Færø <johf_2@hotmail.com>
Sendt: 27. mai 2016 14:25
Til: Postmottak Lindås; Benjamin Stephen Hicks; Siril Therese Sylta; Therese Urdahl Braseth
Kopi: amund@strangehagen.no; Mette Jersin Ansnes
Emne: Erklæring gnr. 239 bnr 1, 238/3
Vedlegg: ERKLÆRING OM VEGRETT LINDÅS KOMMUNE gnr 239 bnr 1- rev 2.docx

Eg viser til vedlagde erklæring og korrespondanse med Braseth under.

I samsvar med dei instruksjonane eg har fått av byggjesaksavdelinga, skreiv eg eit utkast til erklæring angående vegrettar over gnr. 239 bnr. 1. Dette utkastet vart kvalitetssikra av Braseth ved eigedomsavdelinga, og skrive om til noverande form. Erklæringa gjev rett til gjennomkøyring over gnr. 239 bnr. 1 på visse vilkår. Eigedomsavdelinga ynskjer at gnr 239 bnr. 42 får tilkomst frå gnr. 238 bnr. 3, og ikkje direkte frå gnr. 239 bnr. 1. Eg vart difor beden om å hente inn underskrift frå grunneigar på gnr. 238 bnr. 3 (Jorun Borge), for å få aksept for at også bnr. 42 tek vegen i bruk. Dette er gjort, og eg leverte tre signerte eksemplar på rådhuset i dag tidleg.

I dag har eg mottatt e-post frå Braseth om at ho ikkje ynskjer signera erklæringa før etter høyringsrunden. Dette er vel litt bakvend, men det viktigaste for oss er sjølv sagt at byggjesaksavdelinga er tilfreds med denne løysinga, og kan gå vidare med saka. I første omgang forstår eg at byggjesak vil sende saka på høyring.

Ber om snarleg stadfesting på at saka no går vidare til høyring. Eksemplar signert av grunneigar Borge er som sagt overlevert til Braseth, og byggjesak kan vende seg dit for å få stadfesta dette.

Mvh,
Jo-Harald Færø

PS! Erklæringa har eit svært dårleg språk, og heller dårleg struktur. Vedlagde kart kunne med fordel vore noko større og klarare. Når byggjesak sender dette på høyring, bør dei involverte difor få ein del opplysningar i høyringsbrevet som gjer at dei skjønar kva søknaden inneber. Erklæringa i seg sjølv er ikkje sjølvforklarande.

From: Therese.Braseth@lindas.kommune.no
To: johf_2@hotmail.com
Subject: SV: SV: 16/12997 Svar på skriv om avtale med eigedomsavdelinga - gbnr 239/11 Eide Ytre
Date: Wed, 25 May 2016 10:52:45 +0000

Hei Jo-Harald.

Eg har korrigert avtalen med noen av dine innspill.

Ønsker forøvrig å beholde avtalen slik den nå foreligger. Ring meg gjerne når du har lest avtalen hvis du har spørsmål.

Med vennlig hilsen

Therese Urdahl Braseth
Eiendomssjef/Einingsleiar eining for eigedom



☎ 56 37 56 58

📠 93 06 27 47

therese.braseth@lindas.kommune.no

All Norwegian Hull Club's suppliers and their subsidiaries, affiliates, and subcontractors providing services to Norwegian Hull Club, are subject to NHC suppliers code of conduct published on our website at norclub.no